



## Notat

Dato: 04.08.2015  
Arkivsak: 2014/15688-54  
Saksbehandlar: biraase

### Fylkesmannens beredskapsgjennomgang - rapport

I sak 213/14 orienterte fylkesrådmannen fylkesutvalet om varsla beredskapstilsyn frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen gjennomførte ein beredskapsgjennomgang i Hordaland fylkeskommune 21. april 2015, med påfølgjande sluttmøte 7. juni 2015 der hovudfunn frå gjennomgangen vart presentert. Rapport etter beredskapsgjennomgangen vart sendt frå Fylkesmannen til Hordaland fylkeskommune 1. juli 2015.

Fylkesmannen gir tre tilrådingar i rapporten:

Tilråding 1 – knytt til overordna høve:

Sjå nærare på behovet for sterkare og meir systematisk målstyring.

Tilråding 2 – knytt til samferdselssektoren:

Sjå nærare på behovet for vidare arbeid med og detaljering av tiltaksplanar knytt til ulike sider av transportberedskapen.

Tilråding 3 – knytt til opplæringssektoren:

Styrke 1) samhandlinga med relevante eksterne aktørar og 2) utvide rammene for ROS-analysar, 3) oppfølging av risikoreduserande tiltak, og 4) vidare arbeid med beredskapsplanverk/tiltaksplanar og øvingar.

Fylkesmannen ber om tilbakemelding med ei vurdering av dei tilrådingane som går fram av rapporten innan 18. september 2015 med kort skildring av korleis Hordaland fylkeskommune tenkjer å følgje opp desse tilhøva inklusive ein framdriftsplan for dette.

Fylkesrådmannen vil utarbeide eit svar med framdriftsplan til Fylkesmannen innan 18. september, og vil kome attende til fylkesutvalet med denne når den er klar.

Vedlegg

1 Rapport etter gjennomgang av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet